

FOREDRAG av ELSE MUNDAL PÅ SEMINAR OM SØRSAMISK HISTOIRE, Trondheim 21. 03.03.

Else Mundal er professor i norrøn filologi og arbeider for tiden ved Senter for middelalderstudier ved Universitetet i Bergen. Hun har særlig arbeidet med norrøn litteratur, med norrøne tekster som historiske kilder - også til samiske forhold, med norrøn kulturhistorie og med forholdet mellom muntlig og skriftlig kultur.

Kva fortel dei norrøne skriftlege kjeldene om historia til sørsamane

Av Else Mundal

Dei norrøne skriftlege kjeldene skil ikkje mellom nordsamisk og sørsamisk. Det samiske folket, anten det er tale om nord eller sør, er omtala som *finnar* (eit par stader er ordet *lappir*, 'lappar', brukt). Men sjølv om dei norrøne kjeldene ikkje skil mellom nordsamisk og sørsamisk, vil det likevel ofte vere klart av konteksten i dei norrøne kjeldene om omtalen av *finnar* skal relaterast til nordsamisk eller sørsamisk område.

I dette foredraget skal eg først gje eit oversyn over dei kjeldene som kan seie noko om den sørsamiske folkegruppa i mellomalderen. Deretter vil eg drøfte kva vi kan dra ut av desse kjeldene om spørsmål som

- Kvar finn vi den sørsamiske folkegruppa i mellomalderen?

- Er det over hovudet mogeleg å seie noko om storleiken på denne folkegruppa?
- Kan kjeldene seie noko om levevegar og sørsamisk kultur?
- Kor klart skilde var nordmenn og samar i to etniske og kulturelle folkegrupper?
- Og korleis skildrar kjeldene forholdet mellom folkegruppene?

Oversyn over kjeldene

Fleirtalet av kjeldene som omtalar samar, er relaterte til det nordsamiske området, men omtalar som opplagt gjeld sørsamar og sørsamisk område, er slett ikkje få. Her skal eg først og fremst byggje på det i dei norrøne kjeldene som heilt klart gjeld det sørsamiske området, men eg kjem også til å dra inn nokre kjelder som omtalar samar meir generelt, eller som refererer til nordsamiske forhold - eller der vi ikkje kan sjå om det er nordsamar eller sørsamar som er omtalte. Nettopp fordi kjeldene ikkje skil mellom nordsamar og sørsamar, men ser dei som ei gruppe, vil omtalar av samar i det heile ha relevans også for det sørsamiske området.

Kjelder som plasserer samar i sørsamisk område. Her er det berre teke med kjelder som uttrykkeleg omtalar personar som *finnar*:

1. Lausavise nr. 12 av Eyvind Finnsson.
2. *Ågrip*, kap.1ff. (norsk kongesoge, sannsynlegvis skriven i Trøndelag frå ca. 1190).

3. *Soga om Halvdan Svarte*, kap 8, i *Heimskringla* (brukar *Ågrip*).
4. *Soga om Harald Hårfagre* i *Heimskringla*, kap. 25f (brukar *Ågrip*).
5. *Tåtten om Halvdan Svarte* og *Tåtten om Harald Hårfagre* i *Flateyjarbok I*, s.563ff. (gjev i ei noko utbrodert form att same forteljingane som *Ågrip* og *Heimskringla*).
6. *Soga om Olav den heilage*, kap. 82f, i *Heimskringla* (Teksten finst også i *Den særskilde Olavssoga*).
7. *Soga om Olav Tryggvason*, kap 19 (13) etter Odd Snorreson munk.
8. *Flateyjarbók I*, s. 231f (brukar Odd Snorreson munk).
9. *Eldre Borgartingslov*, I 16, II 25, III 22 (NGL I).
10. *Eldre Eidsivatingsløv*, I 45, II 34 (NGL I)
11. Grændseskjel mellom Norge og Sverige (NGL 2, s. 487f)
12. *Vassdøla saga*, kap. 10 og 12 (omtalen av samar gjeld sannsynlegvis sørsamar)
13. *Volundarkvida* (eddadiktet legg handlinga til eit halvmytisk landskap i innlandet).
14. *Historia Norvegie* (norsk latinsk krønike frå ca. 1170, plasserer først og fremst samar i nord, men etter teksten å døme også i innlandet, grenseområda mot aust, i Sør-Noreg)

Ein tekst som ikkje uttrykkjeleg nemner finnar eller samar, men som likevel er svært interessant når vi stiller spørsmålet kvar samar held til, er dei paragrafane i *Frostatingslova* som omtalar ei gruppe - eller ei sosial klasse - av menneske som

kallast *regstegn*. Vi veit ikkje kven desse er, men ein teori som har vore kasta fram, er at vi her har den samiske folkegruppa i lovområdet for *Frostatingslova*.

Vi ser at kjeldene ovanfor utgjer ei temmeleg ueinsarta gruppe, dels islandske, dels norske, dei tilhøyrrer ulike genrar, nokre er samtidige kjelder, og nokre fortel om fjern fortid. Kjeldeverdien til desse tekstane er av svært varierende kvalitet dersom ein ser dei som kjelde til den historia som vert fortelt. Men her vert desse tekstane ikkje brukt som kjelde til den historia som vert fortald, men til forfattarens førestellingar om kvar samar heldt til.

Kvar finn vi den sørsamiske folkegruppa i mellomalderen?

Den første kjelda som er nemnd (nr.1), er ei skaldestrofe. Skalden, Eyvind Finnsson budde på kysten av Helgeland. I den aktuelle strofa omtalar han uåra på Helgeland under hardstyuret til Erikssønene. Det er i denne strofa han har den vidgjetne skildringa av snøfallet midt på sommaren, og han seier: som finnane må vi binde inn *brums birkihind*, dvs. geita. Når Eyvind finn det nærliggjande å samanlikne med finnane sitt levevis, så er rimeleg å gå ut frå at han kjenner til finnane frå sitt eige nærrområde på Helgeland. På grunn av den faste metriske forma vil skaldestrofer kunne endre seg svært lite i traderinga, og er - dersom dei er ekte - nærmast å sjå som samtidige kjelder. Eyvinds skaldestrofe er såleis ei svært god kjelde.

Dei fire neste kjeldene, *Ågrip* og *Soga om Halvdan Svarte* og *Soga om Harald Hårfagre* i *Heimskringla* og tåttane frå *Flateyjarbok* (nr. 2-5), er dei tekstane som fortel om dei forhold som førte til at Harald rømte bort med ein finn som barn, og om forholdet mellom kong Harald Hårfagre og samejenta Snøfrid. I desse tekstane finn møtet mellom samar og nordmenn stad i indre område av Aust-Noreg. Frå Hadeland sender kong Halvdan bod på ein finn, som altså ikkje er særleg langt borte. Denne forteljinga går ut på at julematen vart borte frå bordet hjå kong Halvdan utan at nokon ser eller forstår kva som skjer. Det er i denne situasjonen at kongen får tak i ein finn som han piner for å få han til å avsløre kva som skjer. Harald Hårfagre hjelper finnen til å røme, og rømer sjølv med han. Vidare utviklar denne forteljinga seg litt ulikt i dei ulike tekstane, i *Flateyjarbók*, som har den mest eventyrlege varianten, vert Harald teken med til jotnen Dovre i Dovrefjell og vert hans fosterson.

Møtet mellom kong Harald og Snøfrid, fann stad på Dovre. Samekongen Svåse kom til kong Harald juleaftan og bad han følgje seg til gamma si. Der møtte kongen dottera til Svåse, Snøfrid, og vart så slegen av blind kjærleik at han ville ha henne på flekken. Kongen vart gift med Snøfrid, og fekk fleire søner med henne. Ein av dei, Sigurd Rise, vart - ifølgje dei seinare skriftlege kjeldene, stammfar til kong Harald Hardråde, og dermed til dei norske kongane etter han. Då Snøfrid døydde, vart kong Harald Hårfagre sitjande og sørje over henne i tre år. Han kom til seg sjølv først då ein klok rådgjevar gav det rådet at dei skulle byte sengkleda som

Snøfrid låg i. Så vart gjort, og ormar og padder velta ut, og kongen forstod at han var lurt av trolldomen til samane. Dette er ganske eventyrlege hendingar. Kjeldeverdien i dei i vår samanheng ligg ikkje i om vi trur på dei hendingane desse tekstane fortel om. Det som er interessant i vår samanheng, når vi spør om kva norrøne tekstar fortel om kvar samane heldt til, er at desse tekstane frå slutten av 1100-talet, 1200-talet og seinare, plasserer samar i dei indre delar av Aust-Noreg. Den eldste av desse kjeldene, *Ågrip*, som dei andre byggjer på, er også ei norsk kjelde, sannsynlegvis skriven i Trøndelag, og vi må gå ut frå at forfattaren plasserer samar i dei indre delar av Aust-Noreg fordi han meinte å vite at dei heldt til der.

Kjelde nr. 6 fortel om ein mann som er kalla Finn den vesle. Denne forteljinga skreiv Snorre først i *Den særskilde Olavssoga*, og forteljinga vart nesten ordrett kopiert i *Heimskringla*. Der står det.

Det var ein mann frå Oppland som heitte Finn, og nokre seier at han var finne av ætt. Han var svært liten og raskare til beins enn nokon, slik at det var ingen hest som tok han på spranget. Han var ein meister på ski og med boge. Han hadde lenge vore i teneste hjå kong Rørek, og ofte gjort ærend for han når det trongst ein påliteleg mann. Han kjende vegane over heile Oppland, og han var kjend med mange av stormennene.

Denne Finn, som nokre sa var finne, har i alle fall Snorre teikna med dei typiske stereotypiane som norrøne kjelder

brukar når dei presenterer samar: liten, god på ski og med boge, rask til beins osv., og Snorre framstiller dermed denne Finn som ein mann av samisk ætt. Det som er spesielt interessant her, bortsett frå at han er sagt å vere frå Oppland, er at denne samens frå Oppland så avgjort lever i nærkontakt med det norske samfunnet. Han har gått i teneste hjå kong Rørek, som er presentert som konge over Heidmark i perioden før Olav den heilage tok makta over området. Igjen ligg kjeldeverdien ikkje primært i om vi trur på Snorres forteljing om Finn den vesle. Det er førestellinga hjå Snorre om at samar heldt til i Oppland - og at det ikkje alltid var så lett å seie kven som var nordmann og kven som var same - som er interessant.

Tekst nr. 7, som fortel historia om korleis Håkon jarl prøvde å lokke kong Olav Tryggvason i ei felle for å drepe han, plasserer ein spåkunnig finn på eit fjell ved kysten i nærleiken av ein stad som heiter Tjalveheller. Theodoricus, forfattaren av den norske latinspråklege krøniken *Historia de antiquitate regum norvagiensium*, frå ca 1180, som fortel den same historia, men utan å nemne nokon finn, seier at Tjalveheller ligg innanfor Agdenes. Og tekst nr. 8, som har ein ganske utbrodert variant av denne forteljinga, plasserer også den spåkunnige finnen på eit fjell innanfor Agdenes. Der har han gamma si. I forteljinga i desse tekstane vert kong Olav Tryggvason teken med til den spåkunnige finnen som sit i gamma si på fjellet, og finnen fortel han kva som vil skje. Han ser eit så sterkt lys over kongen at han ikkje vil møte kongen direkte, så kongen må stå ute, medan finnen sit inne i

gamma. Lyset representerer kristendomen som vil kome, men finnen bed kongen at han ikkje må tvinge han til å gå over til den nye trua, det kan han ikkje. Dette motivet er et litterært motiv med klare litterære funksjonar. Å la ein representant for heidendomen spå om den kristne tida, er eit ikkje ukjent litterært motiv. Kjeldeverdien ligg igjen ikkje i den konkrete forteljinga om finnen i ei gamle på eit fjell innanfor Agdenes, men i forfattarens førestellingar om at han kunne plasserast der. Her må ein likevel skyte inn at forfattere er islandsk, og kanskje ikkje har fullt så klare førestellingar om kvar samar heldt til som norske forfattarar og ein islandsk forfattar som Snorre, som hadde reist ein del i Noreg.

Kjeldene nr. 9 og 10 er dei to austnorske kristenrettane. Her finn vi forbod mot at kristne oppsøker finnane for å la seg spå eller for å søkje lækjedom. Desse lovtekstane plasserer altså samar i lovområda for desse kristenrettane. Ein treng kanskje ikkje tolke dette slik at samar har halde til å langt sør som i lovområdet for *Borgartingslova*, dvs i området rundt Oslofjorden. Men konteksten i lovene tyder på at dei har halde til så langt sør at det har vore overkomeleg - til og med for sjuke menneske - å reise til samane frå Borgartings lovdøme.

Kjelde nr. 11 er eit rettsdokument (frå siste fjerdedel av 1200-talet) som dreg opp grensene mellom Noreg og Sverige. I samband med eit namn på eit vatn, Blåfinnstjern, vert det fortalt ei segn om ei hending som skal ha funne stad i kristningstida. Ei kvinne som heitte Gunnhild "sette finnen sin ned i landet" til ein Arne den ille. Arne tok finnen og

søkte han i Blåfinnstjern, som fekk namnet sitt etter denne hendinga. Denne teksten plasserer samar i Jemtland.

Kjelde nr. 12 er ei islendingesoge som startar med å fortelje om kva som skjer nokre landnåmsmenn før dei reiser til Island. Det vert fortalt at ein av desse seinare landnåmsmennene vert spådd av ei samekvinne (*finna*) i ei veitsle ein stad på Hålogaland at han skal kome til å reise til Island. Seinare sender denne mannen, som soga plasserer i Romsdal-området bod på tre (to) finnar for at dei skal reise i hamferd for han til Island. Av konteksten verkar det ikkje som dei er langt borte. Denne islendingesoga er ganske diffus på norsk geografi, men i den grad ein kan rekne med at forfattaren har førestellingar om kvar samar held til i Noreg, så plasserer han dei ei relativt kort reise nord for Romsdalen.

Kjelde nr. 13, eddadiktet *Volundarkvida* presenterer faktisk hovudpersonen og brørne hans i ei prosainnleiing til diktet som finnekongens søner. Lokaliteten er halvmytisk og ubestemmeleg, Ulvdalane, i den indre av Skandinavia, der Volund og brørne hans held til åleine. Motstandaren hans er kongen i *Svitjóð*. Prosateksten som innleiar diktet, er islandsk, og teksten formidlar vel islandske forestillingar om at menneske som held til isolert inne i villmarka i Skandinavia, er samar.

Kjelde nr. 14, den latinske krønika *Historia Norvegie*, er ei interessant kjelde til samisk kultur og historie. I denne teksten har vi forteljing som presenterer seg som ei annahands augeskildring av samisk sjamanisme. Denne forfattaren har før

han går i gang med å fortelje om dei norske kongane, ei skildring av landet. Om Hålogaland seier han at innbyggjarane der for ein stor del bur saman med finnane og det er stort hopehav (handel) mellom dei. Denne forfattaren deler landet inn i tre soner, kystlandet, innlandet og skogsområda. Desse skogsområda eller villmarka går langs heile Noreg, og skil Noreg frå heidningafolka som bur bakanfor. I denne "tredje sona" plasserer også forfattaren av *Historia Norvegia* finnane, dvs. også i dei indre grenseområda i Sør-Noreg.

Alle desse kjeldene ser vi plasserer samar i ein vidstrakt område frå Sør-Hålogalangen i nord og i fjellområde og indre område lenger sør, heilt til indre område på Austlandet. Trøndelag ligg altså sentralt innanfor eit stort område der norrøne kjelder seier at samar - finnar - held til.

Ei mogleg, men usikker, kjelde til samisk historie er *Frostatingslova*. Denne lova nemner ei sosial eller rettsleg gruppe som er kalla *rekstegn*. Noko tilsvarande finst ikkje i andre norske landskapslover, og vi har ingen opplysningar som kan seie oss noko sikkert om kven denne gruppa er. Der *rekstegn* er omtalt i lovene, er det alltid i samband med storleiken på bøter som dei ulike sosiale gruppene har krav på i tilfelle overgrep mot dei. Menneske som har status som *rekstegn* er innplassert på rangstigen mellom den vanlege bonden (*árborinn maðr*) og slekter som er etterkomarar av frigjevne trølar. I dei tilfella ein *rekstegn* har krav på bot, har han krav på 3/4 av det ein bonde har krav på, og 1/3 meir enn det ein løysings son har krav på.

Den tanken at dette er den samiske folkegruppa, har vore kasta fram av fleire forskarar (artikkelen rekstegn i KLNLM). Omsetjinga av *Frostatingslova* av Jan Ragnar Hagland og Jørn Sandnes (1994) slår berre fast at termen finst einast i denne lova, og har vore mykje omdiskutert. Men når ein skal skrive historia om Trøndelag som inkluderer den sørsamiske folkegruppa, så må ein etter mitt syn drøfte bestemmelsane om *rekstegn* i den trønderske lovboka i forhold til teoriane om at termen står for den samiske folkegruppa. Om ein kjem til den konklusjonen at det er sannsynleg at dette er den samiske folkegruppa - og eg kan vanskeleg sjå nokon betre kandidat - får denne kjelda ganske store konsekvensar for synet på i kva *grad* samane er til stades og er tekne omsyn til i det trønderske lovområdet i mellomalderen.

Er det mogeleg å seie noko om storleiken på den sørsamiske folkegruppa?

Dette er sjølvstapt ikkje eit spørsmål som dei skriftlege kjeldene kan gje tilnærma eksakte svar på, men kanskje det kan finnast indikasjonar på om det er snakk om relativt store folkegrupper, relativt små folkegrupper eller svært små folkegrupper. Nokre av dei tekstane som fortel om forholda i dei nordsamiske områda gjev det bilete at samar kunne opptre i relativt store grupper. Dei skriftlege kjeldene gjev også det inntrykket at finnskatten og handelen med finnane var så betydeleg at dette var med på å gje eit økonomisk maktgrunnlag for dei hovdingar eller institusjonar som hadde denne

handelen. Det skulle i tilfelle også indikere at dette var skatt og handelsvarer frå relativt store folkegrupper.

I dei kjeldene som nemner finnar i dei sørlegare områda, møter vi aldri store grupper av menneske, og kjeldene gjev knapt nok haldepunkt for å seie noko om dette spørsmålet. Men vi har kjelder som tyder på at det nordiske grannefolket i mellomalderen var så medvitne om samane sin eksistens, ikkje berre i nord, men i landet, at det kan indikere at også den sørsamiske folkegruppa var noko større enn nokre få, små og spreidde familiegrupper. Døme på ei slik kjelde har vi t.d. i dei eidane som går under namna *gríðamál* og *trygðamál*. Variantar av desse eidane har vi i to islendingesoger (*Grettis saga* kap. 72, *Heiðarvíga saga* kap. 33) og i islandske og norske lover (i norske lovar finst ein liten bit av eiden i *Eldre Gulatingslov* kap. 320). Desse eidane lova fred til ein fiende. Her er det mellom anna sagt at fienden skal ha fred "så langt som falken flyg, furua gror, elvar flyt til havet, barn ropar på mor og finnar [dvs. samar] går på ski." Innhaldet i eiden, både furua og samane, viser at formularane i eiden opphavleg er norske. Det interessante her er at den skigåande samnen er nemnd mellom andre fenomen som alle er bilete på "det normale". Samane inngår altså i nordmennene - og islendingane - sitt bilete av den normale verda. Dette forholdet, at nordmennene er så medvitne om samane sin eksistens, kan indikere at dei ikkje er så heilt fåtallige, også i sør.

Også for spørsmålet om storleiken på den sørsamiske folkegruppa er opplysningane om *rekstegn* i *Frostatingslova*

interessante. Dersom denne termen står for den samiske folkegruppa, så vert dette også eit argument for at denne folkegruppa har vore såpass stor og levd i så nær kontakt med den norske folkegruppa at det har vore heilt nødvendig å ha lover som fastsette rettane, dvs. den rettslege statusen, til samane. Lova vert i tilfelle også ei interessant kjelde til korleis nordmenn såg på samane og kva status dei hadde i det norske samfunnet.

Levevegar og kultur

Dei norrøne kjeldene ser sjølvsagt samane og kulturen deira utanfrå, og det vi får i desse kjeldene er berre glimt inn i det samiske samfunnet. Men desse korte glimta gjev likevel visse haldepunkt.

Ikkje uventa teiknar kjeldene eit bilete av samane som nomadar. *Historia Norvegie* som plasserte samane i den tredje sona, skogane og villmarka, seier:

I denne øydemarka held finnane til og ville dyr som finnane et halvrå og brukar skinna til klede. Desse finnane er godt trenna jegerar som streifar omkring enkeltvis utan å ha nokon fast bustad. Som heim har dei skinntelt som dei ber med seg på ryggen...

I same teksten seier forfattaren også at samane er svært dyktige til å fiske. At dei jakta, fiska, fanga fugl og heldt reinsdyr/jakta reinsdyr, går fram av ulike kjelder.

Kanskje kan også termen *rekstegn* setjast i samband med det nomadiske livet til samane. Tydinga av termen, også

språkleg, er som sagt usikker, men første lekk i ordet kan vere *rek n.*, som tyder 'det å flakke rundt'.

Men det er også rimeleg klart av norrøne kjelder at ikkje alle samar i norrøn tid var nomadar. Ein del samar er omtala som *búfinnar*, det vil seie 'finnar som er fastbuande'. Nettopp eit par av dei kjeldene som som omtalar samar i det sørsamiske området er også interessante i forhold til spørsmålet: i kva grad kan den sørsamiske folkegruppa i mellomalderen ha vore bufast?

Lausavisa etter Eyvind Finnsson gjer det klart at samane heldt geiter, og at dei batt dei inn, dvs. hadde dei i hus. Dette treng ikkje nødvendigvis tyde at dei samane Eyvind Finnsson siktar til, var fastbuande. Å ha med seg nokre geiter er vel sameineleg med nomadisk liv. Men strofa er i alle fall ei kjelde som gjev grunn til å spørje om dei samane som er omtala her er, fastbuande eller nomadar. Derimot ser det ut for at den segna som forklarte namnet Blåfinnstjørn i grensetraktatene mellom Noreg og Sverige, gjev eit sikrare bilete av ein bufast same. Teksten seier at denne Gunnhild "sette finnen sin ned i landet" til naboen Arne, som ho tydelegvis var i konflikt med. Forholdet mellom Gunnhild og denne finnen er nærmast skildra som eit klientforhold eller leiglendingsforhold. Og at ho "sette han ned i landet" til naboen, må vel bety at ho let han busette seg, tilviste han bustad.

Samane sin bustad er også omtalt i fleire kjelder, og kalla *gammi*, 'gamme'.

Kjeldene er også heilt klare på at den viktigaste handelsvara til samane var skinn, og dei betalte også skattane i skinn. Men dette gjeld primært dei nordlege områda. Handel med samane i sør, har vi knapt nok kjelder på. *Vassdøla saga*, som fortalte om samane som vart sende bod på for å gjere ei hamferd, ei sjamanistisk reise, til Island, seier at samane fekk betalt i smør og tinn (men dette er ei relativt dårleg kjelde).

Det er to stereotypiar som går att i alle norrøne kjelder i skildringa av samane og kulturen deira - både i nor og i sør. Den eine er at dei var uvanleg dyktige på ski, den andre er at dei var uvanleg dyktige i trolldom. Som nemnt er samisk sjamanisme skildra både i *Historia Norvegie* og i *Vassdøla saga*.

Dei austnorske kristenrettane la ned forbod mot å oppsøkje samar for å få spådomar og lækjedom. Lækjedomen dei hadde å tilby, er då sett som magi og trolldom. Holdninga i kristenrettane er sjølvsagt kyrkja sitt offisielle syn. Men folk flest har truleg hatt eit meir positivt syn på kvit - lækjande - magi. Og nettopp samane sitt "gode" rykte på dette området, kan - etter forboda i lovene å dømme - ha vore ein grunn til at nordmenn oppsøkte samar.

Dei aller fleste kjelder framstiller samane som heidne. Når det gjeld nordsamane, så veit vi av dei skriftlege kjeldene at det vart drive misjon mellom dei på 1200-talet. Kjelde for det er t.d. saga om Håkon Håkonsson, som fortel om misjon mellom samane i nord. Vi har også ei kongeleg forordning frå 1313 (NGL 3, 107) som seier at samar som går

over til kristendomen, i dei følgjande 20 åra skal betale redusert bot (1/3) når dei forbryt seg, dvs. mot kristenretten. Her går det fram av konteksten at dette også gjeld samar i nord.

Ein skulle kanskje tru at når det vart drive misjon mellom samane i nord på 1200-talet, så vart det også drive misjon mellom samane i sør. Men nokon slik misjon opplyser kjeldene ingen ting om. Eigentleg veit vi - frå dei skriftlege kjeldene - ingen ting om forholda i det sørsamiske området når det gjeld ei eventuell kristning i mellomalderen. Når dei austnorske kristenrettane forbyr folk å oppsøkje samane for å få spådomar eller hjelp (dvs. ved hjelp av trolldom eller magi), så er det kanskje nærliggjande å tru at samane dermed er framstilte som heidne. Men dette treng ikkje tolkast slik, også nordmenn dreiv med trolldom, og det var sjølvsagt også like strengt forbode i kristenrettane. *Historia Norwegie* fortalde at samane budde i eit grenseområde som skilde Noreg frå heidningefolka bakanfor, det plasserer samane i ei slags mellomstilling, men dette verket kallar også samane "ei vanheilag stamme", og dei kristne og finnane, dvs. samane, er i denne teksten omtalte som to grupper. Det tyder på at denne teksten, som ganske sikkert er forfatta av ein geistleg, ser samane som heidne. Eller kan det tenkjast at dei - eller nokre av dei - har vore "kristne" på ein måte som kyrkja ikkje offisielt kunne godkjenne?

Kor klart skilde var samar og nordmenn i to etniske og kulturelle folkegrupper?

Eit anna interessant spørsmål er kor klar grensa mellom dei to etniske gruppene samar og nordmenn eigentleg var. Skildringar av personar som Finn den vesle, som nokre også sa var finne av ætt, kan indikere at det etniske skiljet ikkje alltid var synleg. Nokre samar kan ha levd som nordmenn mellom nordmenn. Det er som nemnt ganske klart av kjeldene at nokre samar var bufaste, dei var *búfinnar*, og kjeldene fortel også om ekteskap mellom samar og nordmenn. Det mest kjende av desse er sjølv sagt ekteskapet mellom den norske kong Harald Hårfagre og Snøfrid. Men vi kjenner også andre døme. Den islandske *Landnámabok* fortel t.d. om fleire landnåmsmenn som er av blanda norsk/samisk herkomst. Vi har også i dei yngre kristenrettane ein bestemmelse som *kanskje* kan setjast i samband med blanda ekteskap mellom samar og nordmenn. Dei yngre kristenrettane (frå Magnus Lagabøters tid) seier: *heiðnir menn megu eigi kristinna kvenna fá*, 'heidne menn kan ikkje få [gifte seg med] kristne kvinner (NB 17, M 25, b 333). Omvendt finst det ikkje noko forbod. Vi veit ikkje kven det er sikta til med desse "heidne menn". Det kunne tenkjast at lovbestemmelsen berre gjenspeglar det generelle forbodet i det kristne samfunnet mot at kristne gifter seg med heidningar, men då skulle ein vente at forbodet galdt både for kvinner og menn. Dersom dette er ein lovbestemmelse som har ein reell bakgrunn i det norske samfunnet på slutten av 1200-talet, så er det neppe mange andre heidne menn som kan kome på tale enn samiske. Når lova ikkje forbyr kristne menn å gifte seg med heidne (samiske?) kvinner - så kan det kanskje tenkjast at forbodet er underforstått, men mest sannsynleg vart dette sett

på som mindre farleg fordi den heidne kvinna truleg ville kome til eit kriste samfunn, og dermed verte kristen, medan ein rekna med at den kristne kvinna ville følgje den heidne mannen til eit heide samfunn, og dermed forlate kristendomen. Dersom det med "heidne menn" her skulle vere tenkt på samiske, fortel lovforbodet mot giftemål sjølvsagt at inngifte mellom folkegruppene forekom. Lova vert i tilfelle også ei kjelde som fortel at store grupper av samane har vore rekna som heidne på slutten av 1200-talet

Både inngifte mellom samar og nordmenn og det faktum at nokre samar var bufaste, kunne vere med på å gjere skiljet mellom folkegruppene mindre skarpt. Kjeldene nemner svært lite om språklege problem i kommunikasjonen, men det er opplagt at personar som Finn den vesle, som hadde gått i teneste hjå ein norsk småkonge, var tospråkleg, og sannsynlegvis har mange samar tileigna seg så mykje norsk at dei har kunna kommunisere med nordmenn på norsk. *Vassdøla saga*, den saga som fortalte om at det vart sendt bod på finnar som skulle reise i hamferd til Island, gjengjev eit par replikkar som er lagde i munnen på desse samane. Språket her er eit slags "barnespråk", og er truleg meint å gje eit bilete av at samane snakkar norsk, men ikkje heilt god norsk.

At grensa mellom folkegruppene kanskje ikkje alltid var heilt skarp, og at det var mykje kontakt mellom folkegruppen med handel o.l. bør sjølvsagt også få konsekvensar når vi vurderer det arkeologiske materialet.

Korleis skildrar kjeldene forholdet mellom folkegruppene?

Kjeldene rapporterer så godt som aldri om konflikhtar mellom samar og nordmenn. Islandske annalar fortel rett nok at i året 1258 vart eit skipsmannskap drepe i Finnmark, altså av samar. Mennene vart drepne, ikkje kvinnene. Men det er ikkje sagt nokon ting om bakgrunnen for det som hende, og difor vanskeleg å vurdere. Ein islandsk tått, *Tåtten om Gull-Åse-Tord*, fortel at ein heil flokk av samar ein gong gjekk til åtak på og okkuperte garden til ein av dei mektigaste hovdingane i Nord-Noreg. Men dette er unntak. Norrøne tekster fortel av og til om framferd mot samar som ein må karakterisere som overgrep. Men det som då er verdt å leggje merke til, er at dette alltid er negativt vurdert i tekstane. Den som går hardt fram mot samane, er skurken, og den som hjelper samane, er helten i forteljinga. Ikkje sjeldan får den som gjer overgrep mot samane, si straff i form av død eller ulukker.

Holdninga ser ut til å vere at samane skal vere under vern av lovene, og vi har også i det minste ei kjelde som fortel at det har også samane forlangt, og fått gjennomslag for det hjå styresmaktene. Islandske annalar fortel at i året 1313 kom samekongen Martin til kong Håkon (Håkon V. Magnusson). Kva som var ærendet er ikkje sagt, men same året ser vi at den norske kongen utferda ei kongeleg forordning som m.a. forbaud kongens og bispens embetsmenn å truge samar for å få dei til å betale bøter (NGL 3, 106ff). Det er rimeleg å sjå desse to hendingane i samanheng. Samane har lide overlaster, men dei klagar, og får støtte på høgaste hald. Det går fram av konteksten at denne rettarbota gjeld forholda i nord, men vi

må gå ut frå at den holdninga som kjem fram her mot samane i nord, også gjeld samane i sør.

Det ligg sannsynlegvis også ei viss anerkjenning frå norsk side av samane som eit eige folk i at dei samiske hovdingane er kalla samekongar. Kjeldene nemner fleire slike. Dei fleste har eit noko eventyrleg preg, men det er liten grunn til å tvile på at den Martin som er nemnd i islandske annalar under året 1313 er ein historisk person og ein leiar og talsmann for sitt folk. Tittelen konge kan ein vanskeleg tolke på annan måte enn at den signaliserer ein viss respekt for dei samiske leiarane frå norsk side, og samstundes signaliserer tittelen at samane hadde ei særstilling innanfor det norske riket. Norske lokale hovdingar kunne i denne perioden ikkje kallast kongar, det ville vere eit opprør mot kongedømet. Men samiske leiarar kan kallast samekongar i norske kjelder. Det viser at nordmennene ser og godkjenner samane som eit eige folk.

Når det gjeld spørsmålet korleis nordmennene plasserte samane sosialt i forhold til seg sjølve, så er plasseringa av *rekstegn* i *Eldre Frostatingslov* interessant - dersom det er samane som er omtala her. I tilfelle har dei vore plasserte på den sosiale rangstigen under dei vanlege bøndene, men over dei som nedstamma frå frigjevne trølar. I mellomalderen ville etterkomarane etter frigjevne truleg utgjere ei ganske stor gruppe av nordmenn, som altså ville kome under den samiske folkegruppa på den sosiale rangstigen. Ei slik plassering passar eigentleg ganske godt med det totalinntrykket ein får av dei skriftlege kjeldene.

Ei forteljing som forteljinga om Finn den vesle som har gått i teneste hjå ein norsk småkonge, og opplysninga i dei islandske annalane om samekongen som kjem til kong Håkon Magnusson, kan også gje grunnlag for å spørje om kor organisert og ordna kontakten mellom dei to folkegruppene var i mellomalderen. Har det funnest avtalar og samarbeid på område som var viktige for begge folka, t.d. når det galde jakt, beite, handel? Har samane hatt visse funksjonar også i det norske samfunnet. *Vassdøla saga* fortel om ei samekvinne som opptrer som volve, spåkvinne, i det norske samfunnet, og dei austnorske kristenrettane gjev inntrykk av at samar vart oppsøkte av nordmenn som yngste deira tenester. Kjeldene er knappe, og som når det gjeld fleire andre viktige spørsmål, er det difor vanskeleg å gje gode og sikre svar.

Men det ein i alle fall kan fastslå på grunnlag av dei norrøne skriftlege kjeldene, er at medvitet i det norske folket i mellomalderen om at dei delte landet med eit anna folk, var svært klart. Dette medvitet er det all grunn til å få fram att når nasjonal og regional historie skal skrivast.